



Morten Skotsund
Festevegen 102
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3704 - 18/13402

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
25.04.2018

Løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande driftsbygning - gbnr 61/2 og 61 Skotsund

Administrativt vedtak. Saknr: 189/18

Tiltakshavar: Morten Skotsund
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav b), jf. SAK 3-2 bokstav b)

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til eksisterande driftsbygning med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 42m² og bygd areal (BYA) ca. 45m². Samla sum BRA opplyst til å vere ca. 327m² og samla sum BYA opplyst til å vere ca. 345m². Tomteareal er opplyst til å vere 576 mål.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid.

Det vert elles vist til endringssøknad motteken 22.02.2018, som er eit mindre tiltak enn opprinneleg søknad innsendt 12.12.2017. Statens Vegvesen var nabovarsla 26.02.2018 i høve endringssøknad for mindre tiltak. Uttale vart motteken same dag. Naboar har 14-dagers frist for å kome med eventuelle supplerande merknadar frå dei er nabovarsla.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.04.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 30.04.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.



Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Statens Vegvesen den 26.02.018:

Svar – Fv. 404 – Nabovarsel – Påbygg – Gnr. 61 bnr. 2 og 4 i Lindås kommune –

Statens vegvesen syner til nabovarsel mottatt 26.02.2018.

Nabovarslet gjeld eit mindre tilbygg på 45m² til ein eksisterande driftsbygning. Det er opplyst at tilbygget ligg 37 meter frå vegmidte til fv 404.

Statens vegvesen har ikkje merknad til tiltaket ut i frå dei opplysningane som er gitt i søknaden.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.02.2018.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 46 meter.

Tilbygget skal byggast saman med eksisterande driftsbygning i retning mot Fylkesvegen.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser eksisterande driftsbygning og tilbygg, uteoppfallsareal, gangtilkomst og avkjørsle. Teikningar/snitt viser eksisterande terreng og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav b), jf. SAK 3-2 bokstav b) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av tilbygg til eksisterande driftsbygning med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 42m² og bygd areal (BYA) ca. 45m² på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 22.02.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morten Skotsund	Festevegen 102	5912	SEIM
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Morten Skotsund	Festevegen 102	5912	SEIM
-----------------	----------------	------	------